



FULLDISTRIBUSJON

Velkommen til

ÅPEN KYRKJEHELG

16. - 18. oktober 2026



Treskulptur
laget av Ola Sagli:
Frans av Assisi
(1182-1226)
Foto:
O.E.Stendahl

KONSERTAR

FØREDRAG

PUSLESPEL

Tingvoll
og
Straumsnes

BEAT FOR BEAT

NATTKINO UTE

RUTS BOK

Open kyrkje 16. - 18. oktober 2026 - PROGRAM

Alle arrangement er gratis. Du kan gje frivillig kollekt via **vipps**
Kyrkja er open for ljustenning og puslespel-pusling frå fredag til sundag
Arrangør: Tingvoll og Straumsnes sokneråd

614459 - Tingvoll sokn
625453 - Straumsnes sokn

TINGVOLL

Fredag 16. oktober

17.00 PUSLESPEL i Tingvoll kyrkje
Årets puslespel, med 1000 bitar, vert opna. Du kan vera med og pusla gjennom heile helga.

18.00 FØREDRAG: Gravferdsskikkar i mellomalderen i Tingvoll kyrkje
Vis meg grava di og eg skal fortelja deg kven du er. I mellomalderen spegla gravstaden din rang og stand. Hege Roaldset tek oss med inn i mellom-alderens gravkultur – frå kongelege gravkyrkjer i Europa til Mariakyrkja i Oslo, kor kong Håkon V vart gravlagd. Ho vil òg trekkja liner til Tingvoll kyrkje, Kven fekk æra av å kvila innanfor desse murane?



Hege Roaldset er historikar ved OsloMet, og halvt torjulvåging. (Foto: OsloMET)

OPEN KAFE i menigheitshuset frå kl.19.00
Kafeen er stengt når det er arrangement i kyrkja

19.30 BEAT FOR BEAT i menigheitshuset
Vi gjentek suksessen frå i fjor med vår eigen variant av Beat for Beat! Også i år vil du få treffa lokale og tilreisande deltakarar i ei uformell og triveleg musikktevling. Eit fint familiearrangement, der både små og store kan vera med og gjetta på songar, halde styr på poenga, delta i allsongen og heia fram favorittlaget sitt. Programleiar er **Janne Olden**.

21.30 KVELDSGUDSTENESTE
i Tingvoll kyrkje, med musikk/salmar frå Taizé.

Laurdag 17. oktober

14.00 OPEN KYRKJE
Kom og delta i puslinga av årets puslespel.

OPEN KAFE i menigheitshuset frå kl.14.00
Kafeen er stengt når det er arrangement i kyrkja

16.00 FØREDRAG: Forsvarstale for eit vondt menneske

i Tingvoll kyrkje v/
Jørn Øyrehagen Sunde.
*Fredag 16. august 1771 vart Kari Knutsdatter halshoggen og hovudet hennar sett på ein staur til skrekk og åtvaring. Ho var dømt for å ha drepe fire av sine fem barn og kona til elskaren sin. Det kan ikkje bortforklarast eller rettferdiggjeraast. Men var ho vond? Livet til Kari Knutsdatter gjev ikkje berre anledning til å utforska dagleglivet på Vestlandet på 1600- og 1700-talet, men òg kvinner sine kår, og då særleg kvinner som fekk barn utanfor ekteskap, og det store spørsmålet: **Kva er vondskap?***



Jørn Øyrehagen Sunde er professor i retts historie ved UiO, og har fått fleire prisar for si unike formidlingsevne.

18.30 KONSERT i Tingvoll kyrkje, Sandbukt og By – streng møter pipe

Øystein Sandbukt er gitarist, arrangør og komponist frå Ålvundeid. Han har funne sitt uttrykk gjennom å bearbeida nordmørske feleslåttar for gitar på mange ulike vis. På denne konserten får vi høyra han i samspel med kantor **Vegard By** på orgel. Repertoaret spanner frå vare folketonearrangement til låter sterkt inspirert av Knut Reiersrud og Iver Kleive sine innspelningar. Publikum er òg lova eit par heftige overraskingar!



20.30 RUTS BOK, EI KJÆRLEIKSHISTORIE

Tingvoll kyrkje: Skodespelar
Unn Catodotter Fyllingsnes
les Ruts bok frå
Det gamle testamentet.
Innleiing ved Åsmund
Ormset.



Toril Stendahl syng
«Ruts sång»
T./M.: Anna Sellèn



*Der du går, vil eg gå,
og der du bur, vil eg bu.
Ditt folk er mitt folk,
og din Gud er min Gud.
Der du døyr, vil eg døy,
og der vil eg bli gravlagd.*
RUT 1,16B-17A

21.30 KVELDSMAT

Kveldsmat i Tingvoll menighetshus

22.30 NATTKINO PÅ KYRKJEVEGGEN

Årets film: **A river runs through it**/Der elvene
renner (1992). Med Brad Pitt, Craig Sheffer m.fl.
Regi: Robert Redford. Speletid: 2 timar. Opplev film
på den store nord-veggen ute på Tingvoll kyrkje.
(Inne i menighetshuset ved dårleg ver.)

Sundag 18. oktober

11.00 FAMILIEGUDSTENESTE

i Tingvoll kyrkje
- Utdeling av bok til 4- og 6-åringane
- Presentasjon av konfirmantar 2026/27

12.00 KYRKJEKAFFI

Kyrkjekaffi på kyrkjebakken rett etter gudstenesta.

13.00 HELGENVANDRING til Saglimana

Familietur frå Sellgren til foten av Saglimana.
Turen er ein liten kilometer lang, og passar for
både små og store. Vi stopper undervegs og høyrer
om dei unike helgenstatuane til Ola Sagli, som er
utplassert i området (sjå forsida av foldaren).
Aktivitatar til borna langs vandrainga.

STRAUMSNES

Laurdag 17. oktober

11.00 OPEN KYRKJE

- Puslespel med motiv frå Straumsnes kyrkje
- Kafé bak i kyrkjerommet frå 11.00 til 16.00
- Rebus for born (3–10 år)

12.00 SMÅBORNSSONG (1-3 år)

i Straumsnes kyrkje. Småbornssong er ei
vidareføring av babysong.

12.00 WII OG BRETTSPEL

i menighetshuset. Open kyrkje tek steget inn i
spelverda! Kom og bli med på ei uhøgtideleg, mo-
rosam og sosial samling – vi riggar til med Wii og
brettspel og det som trengs.
Arrangement for born og unge.

13.00 ORGLET I ORD OG TONAR

Kantor **Vegard By** lagar spanande, fine og rare
lydar, fortel om dei ulike funksjonane i orgelet og
held ein liten konsert til slutt. Passar for born og
(iallfall litt) leikne vaksne frå 5 til 100 år.

14.00 KONSERT

med Straumsnes barnegospel, Straumsnes kirke.
Dirigent: Audun Sæbø

Sundag 18. oktober

15.00 OPEN KYRKJE

Kaffi og pusling i Straumsnes kyrkje.

18.00 KONSERTFOREDRAG:

Folketonar frå Nordmøre

i Straumsnes kyrkje,
med **Rannveig Eikrem**
*I boka «Folkemusikk frå
Nordmøre» har Eikrem
ordna korarrangement og
folketonar samla av læra-
ren og musikaren Kristian
Halse. Eikrem fortel om
Halse og tonane, og
presenterar eit
utval av songane.*



*Rannveig Eikrem er
musikkvitar frå NTNU med
særleg fokus på vokal
folkemusikk og
religiøse folketonar.*

ÅPEN KIRKE



Torsdags
kaffe
17.30 - 18.30
kaffe - vaffel
prat - puslespill



Menighetshuset
17.30 – 18.30 (lillesalen)
Hver torsdag i perioden
3. september - 29. oktober

Et pusterom i hverdagen
Stillhet - hvile - ettertanke - bønn - lystenning

Tingvoll kirke - høsten 2026
Hver torsdag kl. 17.30 – 18.30
3. september - 29. oktober
Aftensang: 18.00 - 18.15



Menighetshuset
kl. 17.15 - 18.15
27. august
24. september
29. oktober
26. november

Bli med i Straumsnes barnegospel



Karnevalsgudsteneste i Straumsnes kyrkje

Straumsnes Barnegospel

er eit kor for born frå 4-årsalderen. Vi øver annankvar onsdag klokka 18 i Straumsnes menighetshus. Medlemskontingenten er 100 kr per år.
Ta kontakt om du lurar på noko: Audun Sæbø: 913 88 180

Open kyrkjehelg rettar ein stor takk til



for økonomisk støtte til årets program

Tingvoll kyrkjekor



Tingvoll kyrkjekor øver på menighetshuset på Tingvoll torsdagar mellom kl. 19.00 og 21.15. Nye songarar er hjarteleg velkomne! Om du er usikker på om dette kan vera noko for deg, er det fullt mogleg å delta på ei øving utan at du med det er forplikta til å starte i koret!

Denne hausten skal koret i samarbeid med Molde domkantor og seks musikarar framføre Requiem av John Rutter i Straumsnes kyrkje og i Molde domkirke på allehelgen. I tillegg deltek koret på julekonsert og juledagsgudsteneste.

Har du spørsmål, kan du kontakta dirigent Vegard By på telefon 48 40 50 66 eller e-post vb254@kirken.no

I kyrkjene er det mange aktivitetar og arrangement gjennom året

Følg med på skjerikirken.no og kirken.no/tingvoll